



Det gule naustet tilhører Rød og er det maksimale rådmannen kan gå med på når det gjeld høgde.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Naustplanen til Arne K. Rød på Korsnes kjem til ny handsaming i forvaltningskomiteen onsdag 29. oktober. Saka vart utsett for synfaring sist og synfaringa blir i forkant av møtet i Rosendal.

Rådmannen har gått inn for avslag fordi naustet ikkje vil vera i tråd med reguleringsføresegnene til reguleringsplanen i området. Her heiter det at nausta kan oppførast i ei høgde over terreng og det kan rådmannen gå med på.

Rød har naust på staden frå før, men no ynskjer han å føra opp eit naust i to plan med eitt bruksareal på 94 kvadratmeter og med ei mønehøgde på 6,65 meter målt frå ferdig naustgolv.

Han grunngjev søknaden med at familien har ei stor seilskøyte der det er mykje seil og tauverk som må vedlikehaldast og lagrast. Difor treng dei eit funksjonelt loft.

Rød viser til fire liknande naust som er under oppføring på naboeigedomar i vest. Der har dei eigen reguleringsplan med egne føresegner og naustet til Rød var ikkje med i denne planen.

Av Ola Matti Mathisen